



Haugatun slik det stod fram ved oppstarten i 1914

Sunnhordland folkehøgskule har hatt samanhengande drift sidan oppstarten i 1914. Skulen har vore ein viktig læringsarena for vaksen ungdom. Far til Margreta Dønhaug, Hans Huglen, var ein av fleire personar i regionen som tok opptakten. Margreta Dønhaug saman med Brynhild Kviteberg frå Sunde var elev på det fyrste vinterkurset på Halsnøy Kloster

I alle åra sidan skipinga har der vore tette band mellom folkehøgskulen og Uskedalen, synleg på mange og ulike måtar:

- Sigvald Eik: Elev, styreleiar i ei viktig tid for skulen på 1980 talet med fornying og utbygging
- Sivert Haugland: Sløydlærer 1929 – 1937
- Bjørgulv Eik: Elev, formann i Elevlaget og varamedlem i styret
- Leif Ragnar Eik: Elev og formann i Elevlaget, slutten på 1960 talet
- Lars P. Haugland: Elev, formann i Elevlaget og styremedlem 1927 – 1964
- Tor Myklebust sen.: Styremedlem 1925 – 1927
- Bertel Myklebust: Elev og formann i Elevlaget, 1920 talet
- Kristian Bringedal: Elev, formann i Elevlaget i 20 år, styremedlem og lærar 1975 – 1977
- Tor H. Myklebust: Elev, kunstnaren for logo bladet Halsnøy Kloster og for minnetavla for falne i krigen 1940 – 1945

Det er rett å ta med at Solveig og Halvard Framnes, foreldra til Leif Magne Framnes på Rød, var tilsette som vaktmeister og vaskehjelp på 1960/1970 talet.

Så må vi ta med programutveksling mellom folkehøgskulen og Uskedal ungdomslag. Ungdomslaget har synt fram spelstykke på elevstemne og folkehøgskulen har vore med på ulike arrangement i Uskedalen. På 100 års markeringa i dag sa Bjørgulv Eik fram helsing frå tidlegare elevar i Uskedalen. Gåva sa seg sjølv: Uskedal kyrkje 100 år-



[Bjørgulv Eik og Kristian Bringedal ved Cunningham sitt kunstverk av Sigurd Sandvik, rektor 1952 - 1980](#)
Tekst/foto: Kristian Olav Bringdal
Nett: Thor Inge Døssland